


Dyrkolbotn Fjellstove as
Dyrkolbotn 119
5994 VIKANES

Tlf: 90 68 01 00



Leirskole og gjestehus
Heimeside: www.dyrkolbotn.com
Org.nr 917438129 MVA

REFUSJONSGARANTI

GJELD DEKNING AV UTGIFTER TIL LEIRSKOLEUNDERVISNING

Jamfør retningslinjer om øymerka tilskot til leirskoleopplæring i kap. 225 post 66 i statsbudsjettet.

Sjå retningslinjer på:

<https://www.udir.no/om-udir/tilskudd-og-prosjektmidler/midler-kommuner/tilskudd-til-leirskoleopplaring/>

Om ordninga:

Klassane sine heimekommunar får øymerka tilskot frå staten til undervisningsutgifter på leirskule. Dei brukar tilskota til å betale refusjon for leirskuleundervisning til leirskulane sine heimekommunar. Refusjonen går i all hovudsak til dekning av løn til leirskulelærarar.

Ordninga er under revisjon, og det øymerka statstilskotet er truleg på veg inn i rammetilskotet. Men framleis er det øymerking. Statstilskotet var i 2018 på kr 19.622 pr klassegruppe på 22 elevar (kunstig utrekna elevgrupper dette året). Klassar over 22 elevar vert delte, og vert rekna som to grupper som utløyser to leirskulelærarar. Dette er i samsvar med det gamle rundskrivet frå Kunnskapsdepartementet gjeldande frå 1. januar 2012.

Det øymerka statstilskotet for 2018 vart talfesta først nærare jul same år. Slik ser det ut til å bli også i 2019. Difor bed leirskulen om ein litt «rundt formulert» garanti angående refusjon for leirskuleundervisning i 2019. Vi tenkjer å nytte den refusjonssatsen som staten kjem fram til når vi lagar til refusjonskrav til hausten. Men dersom denne statlege refusjonssatsen syner seg å føre til eit vesentleg budsjettunderskot for klassane sine heimekommunar, så er det grunnlag for å krevje reduksjon av refusjonskravet. Reforhandling kan då krevast.

For private skular/friskular er det opplyst at undervisningsutgifter på leirskule ligg inne i det generelle tilskotet dei får.

I samband med at 7. klasse frå Ostereidet barne skule har tinga leirskoleopphald

ved Dyrkolbotn leirskole i tida 16.-20 sept. 2019 vert det med dette stadfesta at løn for leirskulelærar vil bli refundert til Lindås kommune når refusjonskrav ligg føre. Den statlege refusjonssatsen for 2019 er rettleiande for refusjonskravet.

Ostereidet, den 22/2-19
Johnny Danielsen
etter fullmakt

Vert å returnera Dyrkolbotn Fjellstove, Dyrkolbotn 119, 5994 VIKANES,
som garanti for løn til leirskulelæraren.